

Årsberetning for Stord kommune 2024

Årsberetninga er den formelle årsmeldinga etter kommunelova. Rapporten skal leggjast fram innan 31. mars og m.a. omtala forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske situasjonen, vesentlege avvik, etikk og likestilling.

2024 vart eit svært krevjande år. Rekneskapen viser eit underskot på 89,4 mill. kr. Dette utgjer 4,2 prosent av brutto driftsinntekter. Opphaveleg budsjett vart lagt fram med eit forventa underskot på 59 mill. kr. Og siste budsjettrevisjon viste 74,4 mill. kr i forventa underskot. Kommunedirektøren varsla i sine orienteringar gjennom hausten at underskotet kunne bli opp mot 100 mill. kr.

Samla konsolidert netto driftsresultat vart 88,7 mill. kr, dette inkluderte eit netto overskot i Stord hamn på 0,7 mill. kr. Samla driftsunderskot er disponert slik:

Overføring til investering	2 617
Avsetningar til bundne driftsfond	21 659
Bruk av bundne driftsfond	-17 048
Avsetningar til disposisjonsfond	315
Bruk av disposisjonsfond	-96 256
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-88 713

På sentrale budsjettpostar vart skatteinngangen 56,6 mill. kr meir enn opphaveleg budsjett og 47,5 mill. kr meir enn justert budsjett. Av meirskatteinngangen, var 45,3 mill. kr trekt i inntektsutjamninga. Stord kommune hadde ein skattevekst frå 2023 til 2024 på 12 prosent, medan landet auka med 1,4 prosent. Det gjorde at skatteinngangen i 2024 utgjorde 107 prosent av landsgjennomsnittet, og etter utjamning 101,5 prosent. Netto meirinngang vart difor berre 11,3 mill. Rammetilskotet vart auka i Stortinget sitt budsjettvedtak etter at Stord kommune hadde vedteke sitt budsjett for 2024, og kom i tillegg med ei ekstraløyving i desember 2024. Samla utgjorde dette 18,9 mill. kr i auka rammer.

Renta heldt seg høg gjennom heile 2024, og ved refinansiering av fastrentelån kom kommunen dårlegare ut når det gjeld rentevilkår på lån. Med litt høgare overskotslikviditet plassert gjennom året til gunstige rentevilkår på innskot, vart netto effekten av høgare rente 3,3 mill. kr. i meirforbruk samanlikna med opphaveleg budsjett. Verdiauken på marknadsbaserte aksjar og obligasjonar, vart 15,6 mill. kr. Dette var 10,6 mill. kr over opphaveleg budsjett og 1,6 mill. kr over justert budsjett.

Totale kostnader til renter og avdrag var i 2024 på 255,9 mill. kr. Dette er ein auke på 55 mill. kr frå 2023. Dette er knytt til store investeringar dei siste åra og eit høgt lånenivå og aukande renter. Netto lånegjeld utgjorde 130,4 prosent av brutto inntekter. Denne var 136,9 prosent i 2023 og 145,8 prosent i 2022. Årsaka til nedgangen i prosentsatsen er at bruttoinntekter har auka meir enn lånet har auka. Sjølv om 1,3 milliardar av lånet er knytt til sjølvkostområda vatn og avløp, er belastninga av renter og avdrag stor.

Hovudårsaka til budsjettoverskridingane var meirforbruk i tenesteområdet Rehabilitering, helse og omsorg (RHO). RHO hadde eit meirforbruk på 42,2 mill. kr. Totalforbruket var 692,3 mill. kr som var ein auke på 9 mill. kr frå året før. Forventninga var ein reduksjon på 33,2 mill. kr. Sjølv om det ikkje har lukkast i å gjennomføre alle tiltaka for å betre resultatet i tenesteområdet, ser ein nokre positive utviklingstrekk. Det er blant anna redusert bruk av innleigde vikarar med 5,9 mill. kr og redusert bruk av overtid med 5,9 mill. kr. Noko av dette er løyst ved at ein har fleire fast tilsette, noko som gjer at denne

aukar ca. 4 mill. kr ut over auken som følgjer av lønnsoppgjeret. Sjølv om overtidbruken er redusert samanlikna med 2023, er det ikkje budsjetttert med meir overtid enn 3 mill. kr. og bruken er 12,8 mill. kr. Sjukefråværet er framleis høgt, og kompensasjon for langtidsfråvær blir ikkje fullt ut dekket av sjukepengerefusjonen frå NAV. Det er i tillegg bruk av ekstrahjelp i samband med krevjande pasientsituasjonar.

Tenestekområdet for oppvekst og kultur (OKU) kom ut med eit samla mindreforbruk på 5,5 mill. kr. Nokre områder har meirforbruk, medan andre har mindreforbruk. Sektoren er flink til å søkje på Statlege midlar til prosjekt, og bruk av slik midlar utgjorde 8,8 mill. kr. meir enn budsjett. Dette var blant anna årsaka til mindreforbruket i skule. Månadlege kostnader til skulane Sagvåg, Tjødna og Litlabø skular var over 0,8 mill. kr mindre per månad på hausten samanlikna med vårsemesteret. Dette er ikkje berre knytt til nedlegginga av Litlabø skule, men har også samanheng med samla elevtal og særskilte vedtak. Barnevernet hadde eit meirforbruk på om lag 2,1 mill. kr. Eining for kultur kom ut med eit mindreforbruk på 0,1 mill. kr og reduserte si bruk av rammer frå 31,2 til 29,3 mill. kr. Tenestekområdet varsla eit meirforbruk på 3,5 mill. mot slutten av 2024, men statlege tilskot utgjorde større kompensasjon ein det som låg til grunn i prognosen.

Byutvikling hadde eit samla mindreforbruk i 2024 på 2,2 mill. kr. Dette fordeler seg med 1,6 mill. på sjølvkostområdet vatn og avløp, 0,7 mill. på brann og redning og 0,7 mill. på regulering, byggesak og oppmåling. Det låg eit ikkje fordelt kutt på 0,8 mill. kr som reduserer mindreforbruket.

Tenestekområdet Formannskap og administrasjonsutval hadde eit samla mindreforbruk på 1,7 mill. kr. Dette kjem hovudsakleg frå planområdet som hadde vakante stillingar i 2024.

For Stord hamn utgjorde netto driftsresultat pluss 0,7 mill. kr., som er 0,4 mill. betre enn forventninga på 0,3 mill. kr. Stord Hamn hadde høg aktivitet også i 2024, og auka omsetninga frå 17,7 mill. i 2023 til 18,9 mill. i 2024.

Når det gjeld investeringar, har det vore fokus på å halde igjen investeringar i størst mogeleg grad. Det er likevel naudsynt å gjennomføre nokre investeringar som må til for å sikre tenesteleveransar i kommunen. Prioriterte investeringar i 2024 har vore nytt bufellesskap for funksjonshemma i Kårevik og ny brannstasjon, begge desse vil stå ferdige i 2025. I tillegg blir det gjort ein del investeringar i dei ulike tenestekområda som er nødvendige fornyingar. Kommunen prioriterer også midlar til investering i ENØK tiltak for å oppnå lågare energibruk. I tillegg er behovet for investeringar i sjølvkostområdet vatn og avløp stort. Investeringar i vatn og avløp utgjorde 131 mill. kr i 2024. Andre investeringar i varige driftsmidlar utgjorde 100,7 mill. Samla investeringar i varige driftsmidlar vart difor 231,7 mill. kr i 2024. Stord hamn investerte for 6,6 mill. kr. Investering i aksjar utgjorde 7,2 mill. kr i 2024 og er knytt til oppretting av Stord vatn og avløp AS og eigenkapitaltilskot i KLP. Konsolidert investeringskostnad utgjorde 247 mill. kr. Dette var finansiert med 160 mill. i bruk av lån, 14,7 mill. i kompensasjon for meirverdiavgift og 60,1 mill. i tilskot frå andre. Resten av midlane kjem frå sal av anleggsmidlar og mottekne avdrag på vidareutlån.

Tilsette

Utvikling i årsverk og tal tilsette:

Tekst	2024	2023	2022	2021	2020
Årsverk	1285	1291	1254	1228	1177
Tilsette	1541	1561	1586	1564	1502

Stord kommune hadde ved utgangen av året 1285 årsverk fordelt på totalt 1539 tilsette. Det har vore ein reduksjon på 6 årsverk og 20 tilsette. Det er stadig merksemd på heiltidskultur, og i 2024 var gjennomsnittleg stillingsstorleik 84,1 % i kommunen.

Innafor rehabilitering, helse og omsorg er det størst differanse i eining for habilitering som aukar med 24,1 årsverk og i heimebaserte tenester som har ein reduksjon på 16,3 årsverk. I tillegg er det auka ressursar på Tildelingskontoret på 2,6 årsverk. Samla sett har sektoren ein auke på 6,15 årsverk samanlikna med 2023. Innafor oppvekst og kultur er det ein reduksjon med 3,3 årsverk som blant anna er eit resultat av nedlegginga av Litlabø skule.

Statistikken i årsberetninga 2024 er henta frå KS si innsamling av lønns- og personalopplysningar til det nasjonale PAI-registeret. PAI står for personaladministrativt informasjonssystem, og baserer seg på rapportering frå alle landets kommunar. I tillegg er rapportar frå lønns-systemet nytta.

Sjukefråvær

Stord kommune har som mål å leggja til rette for helsefremjande arbeidsplassar der tilsette trivst, er inkluderte og opplever ein meningsfull arbeidskvardag. Kommunen har i fleire år hatt målsetting om eit sjukefråvær lågare enn 7,50 prosent. Kommunen sitt totale sjukefråvær i 2024 var 10,34 prosent.

Sjukefråværet i kommunen fordelte seg i 2024 med 3,26 prosent fråvær under 16 dagar og 7,08 prosent samanhengande fråvær over 16 dagar. Av kortidsfråværet er 1,73 prosent eigenmeldt og resten legemeldt.

Sjukefråværet i 2024 var høgast i periodane januar-februar og november-desember. Sjukefråværet hadde ei positiv utvikling i mars-juni samanlikna med 2023, men auka siste halvdel av 2024 kor det låg over 2023-nivå.

Tabellen under viser tal frå SSB på legemeldt sjukefråvær i kommunesektoren samla samt fordelt mellom administrasjon, undervisning og helse- og sosialtenester samanlikna med Stord kommune.

Næring	2024 K1		2024 K2		2024 K3		2024 K4	
	Noreg	Stord	Noreg	Stord	Noreg	Stord	Noreg	Stord
Samla	8,7	9,5	8,3	7,9	6,7	6,5	8,1	9,3
84 Offentleg administrasjon	5,7	5,2	5,6	6,4	5,0	6,8	5,6	4,9
85 Undervisning	8,0	7,2	7,5	6,7	4,7	4,4	7,0	7,0
*86-88 Helse- og sosialtenester	9,9	10,2	9,5	8,3	8,1	7,3	9,2	10,4

*Uvekta gjennomsnitt av dei 7 næringane (dvs. utan omsyn til tal tilsette).

Likestilling og lønn

Av dei totalt 1541 tilsette i kommunen er 1251 kvinner (81 prosent) og 290 menn (19 prosent). I oppvekst er det 80 prosent kvinner og 20 prosent menn. I RHO-einingane er det 88 prosent kvinner og 12 prosent menn. Innan teknisk sektor er det 38 prosent kvinner og 62 prosent menn. Innan administrasjon, inkludert kommunedirektøren si leiargruppe, er fordelinga 71 prosent kvinner og 29 prosent menn. Fordelinga mellom kvinner og menn er omlag uendra frå siste år innafor alle område.

Tilsette i kommunesektoren i Noreg viser at årsverkfordelinga mellom kvinner og menn er fordelt med 75 prosent kvinner og 25 prosent menn.

Stord kommune har ein vedteken arbeidsgjevarstrategi. Hovudområda er kompetent leiing, helsefremjande og inkluderande arbeidsmiljø og rett kompetanse. Innafor denne strategien er arbeid med likestilling eit viktig område. Me arbeider for å medverka til likskap mellom kvinner og menn når det gjeld utdanning, arbeid, lønn og personleg, fagleg utvikling. Eit viktig område er heiltidskultur. Det handlar om å tilby fulle stillingar til dei som ønskjer det. Me har dei fleste deltidsstillingane innafor rehabilitering, helse og omsorg. Dette er og sektoren som har høgast tal kvinner.

St.kode	Lønns-samanlikning	2024		2023		2022		Landssnitt 2024	
	Stillingsgruppe	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
9440 9430	Kommunedirektøren si leiargruppe	1 165 775	1 525 400	1 107 500	1 450 000	1 040 600	1 193 700	1 118 315	1 377 599
9451 9951	Einingsleiar	867 674	925 200	834 000	870 000	799 100	810 700	904 091	949 242
8451 8452	Avdelingsleiar, fagleiar	745 392	793 542	700 200	744 000	663 900	690 700	803 631	785 891
7451 7458									
7954									
7960 7961	Undervisningspersonale	674 942	670 570	632 300	632 200	595 300	591 800	638 138	643 206
7962 7963									
7965 7966									
7174	Sjukepleiar	595 730	565 420	566 700	561 800	539 300	522 700	606 114	608 207
7523	Spesialsjukepleiar	678 690	693 900	631 900	663 900	596 200	630 900	664 102	670 156
6508 6517	Sosionom/vernepleiar/ barnevernspedagog/ eroteraut/ fysiaterapeut	602 431	580 889	568 600	560 400	545 800	546 600	597 397	597 792
6455 7534									
7066									
7517 6986	Fagarbeidar / Helsefagarbeidar	510 903	550 478	480 600	516 600	469 100	493 100	514 588	519 373
7076									
7718 7719	Fagarbeidar med filleagsutdanning	555 895	554 767	529 700	525 700	494 700	494 300	540 342	550 821

I oversikta over lønn i dei største tilsettgruppene i Stord kommune, er det mindre forskjellar mellom kvinner og menn. I gruppa undervisningspersonale ser me at lønna er lik for kvinner og menn. Det er og liten skilnad i gruppa med ergoterapeut/fysioterapeut /sosionom/vernepleiar /barnevernspedagog. Blant fagarbeidarar ser me at menn har noko høgare løn, mens blant sjukepleiarar er det kvinner som har høgast lønn. I leiargruppene ser me at menn har høgare lønn.

Dersom me samanliknar Stord med landssnittet ser me i leiargruppene einingsleiar, avdelingsleiar/fagleiar at kvinner i Stord har lågare lønn enn landet, mens menn er om lag på landssnittet. I Stord har me flest menn og leiarar som er menn innafor dei tekniske einingane. Det er ein sektor som tradisjonelt har høgare lønn og der konkurransen om arbeidskraft er stor opp mot privat næringsliv.

Samanliknar me landssnittet, har Stord kommune høgare snittløn innafor dei store tilsettgruppene, både for menn og kvinner. Innafor leiarnivåa ligg Stord lågare for både kvinner og menn enn landsgjennomsnittet. Det med unntak av menn på det øvste leiarnivået.

Etikk

Dei etiske retningslinene for Stord kommune har som føremål å skapa betre medvit om haldningar og etiske verdiar og dermed styrkja innbyggjarane sin tillit til administrasjonen og politikken i kommunen. Retningslinene gjeld alle folkevalde og tilsette i Stord kommune. Retningslinene seier noko om korleis tilsette og politikarar skal forstå og etterleva viktige verdiar og omgrep som lojalitet, informasjon, mynde, interessekonflikt og åtferd m.m.

Stord kommune sin kultur- og verdiplakat er retningsgjevande og medverkar til å bygga sams identitet og omdøme. Han skal binda saman sektorar og fagområde under same paraply og skapa ein felles organisasjonskultur for samarbeid og utvikling. Kultur- og verdiplakaten er vedteken i kommunestyret etter ein brei politisk prosess i komiteane. Plakaten skal henga på veggen i møteroma og på leiarkontora. Kultur- og verdiplakaten skal danna grunnlaget for organisasjonskulturen og vert m.a. nytta i personalmøte og rekrutteringa.

Verdiane open, nyskapande, respektfull og brukarorientert skal for alle tilsette og politikarar kome til uttrykk i samarbeid og haldningar ein har i tenesteytinga og samhandlinga internt og eksternt.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Arbeidsmiljøutvalet har i 2024 hatt seks møte og blitt leia av kommunedirektør. Utvalet handsamar ulike saker og drøftar problemstillingar som er viktige for tilsette i kommunen. Det er og fast orientering i møta frå hovudverneombodet og HMT-leiar. Arbeidsmiljøutvalet har fem underutval som vert kalla HMT-lag. Disse handsamar HMT-aktivitetar innafor eige område. HMT-leiar og hovudverneombod deltek i alle disse HMT-laga saman med leiarane i dei ulike sektorane.

Eit godt HMT-arbeid har grunnlag i godt samarbeid mellom tilsette og leiding. Det overordna HMT-systemet til kommunen legg føringar for einingane sitt arbeid, og miljø- og HMT-leiinga vert sett i samanheng. Det vil seia at arbeidet med einingane sin påverknad på ytre miljø er blitt ein del av HMT-arbeidet. Kommunen jobbar for ei aktiv HMT-leiing med klart definerte målsettingar og operativt system for førebygging og oppfølging av HMT-aktivitetar. Med aktiv HMT-leiing legg ein til rette for at alle einingane i kommunen jobbar med forbetring innan helse, miljø og tryggleik.

Attendemeldingar frå dei tilsette er ein viktig del av forbetringsarbeidet vårt, og me ønskjer at tilsette opplever det nyttig å melda frå. Kommunen har system for handtering av avvik, ikkje-ønska hendingar og forbetringsforslag (AUF-meldingar). Målet er at alle einingar skal ha levert ei AUF-melding per årsverk. Det vil seia at kommunen, som har omlag 1300 årsverk, har hatt ei målsetting om totalt 1300 AUF-meldingar i 2024. I 2024 vart det meld totalt 1333 AUF-meldingar. Av dette er 43 forbetringsforslag.

Kommunen har avtale om bedriftshelsetenester frå Falck AS. Bedriftshelsetenesta vert nytta til kurs på eining- og avdelingsnivå, lovpålagte helsekontrollar, rådgjeving med meir.

Etter budsjettvedtak for 2024 gjekk Stord kommune ut av Miljøfyrtårn-ordninga ved utgangen av 2024. I 2025 vil Stord kommune arbeide med korleis kommunen framleis kan bidra til å vera rusta for det grønne skiftet med blant anna rapportering på klimarekneskap.

Internkontroll

Internkontrollen skal sikra at kommunen utfører oppgåvene sine i samsvar med krav fastsett i lov eller i medhald av lov. Internkontroll skal vera systematisk og tilpassast verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Internkontrollen skal:

- Skildra administrasjonen sine hovudoppgåver, mål og organisering
- Ha naudsynte prosedyrar
- Avdekka og følge opp avvik og risiko for avvik
- Dokumentera internkontrollen i den forma og det omfanget som er naudsynt
- Evaluera og forbetra prosedyrar og tiltak for internkontroll

Standarden for oppgåvene/tenesteytinga er skildra i prosedyrar som vert reviderte årleg. Dersom oppgåvene/tenesteytinga ikkje vert levert i samsvar med prosedyrane, dannar det grunnlag for å melda avvik. Avviksmeldingar vert handsama elektronisk. Avviksmeldingar har til føremål å bringa avvik til opphøyr, få normaltilstanden på plass att og hindra gjentaking. Avvik kan også gje viktige statistiske data over på kva område organisasjonen har forbetringspotensiale. Dersom det vert avdekka kritiske område i forvaltninga, er det lagt til rette for å køyra elektroniske risiko- og sårbarheitsanalysar. Analysane skal resultera i konkrete handlingsplanar med tiltaksliste. Kvalitetssikringsarbeidet handlar også om å identifisera suksessfaktorane for å lukkast på ulike arbeidsområde i organisasjonen.

I 2024 vart det gjennomført omfattande arbeid med internkontroll i kommunen, i tråd med krav fastsett i kommunelova § 25-1 og § 25-2. Arbeidet var systematisk og tilpassa kommunen sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikobilete.

Internkontrollen vart dokumentert gjennom det elektroniske systemet Compilo, som m.a. omfattar prosedyrar og avviksrapportering. I tillegg vart det gjennomført rapportering gjennom andre system som Elements, Profil, Visma og LAFT. Kommunedirektøren rapporterte systematisk til politisk nivå gjennom faste månadsrapportar, tertialrapportar, årsrekneskap og eigen internkontrollrapportering, noko som sikra kontinuerleg oppfølging av internkontrollarbeidet.

I 2024 vart det registrert 2 375 avvik i Compilo. Avvika vart handsama etter etablerte prosedyrar, med ei klar oppfølgingslinje. I tillegg vart det gjennomført 17 nye risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS), medan 19 eksisterande analysar vart reviderte. Totalt hadde kommunen 2 628 prosedyrar registrert i Compilo ved utgangen av året, ein auke på 137 samanlikna med fjoråret. Systemet sikrar at prosedyrane vert reviderte jamleg, men ved utgangen av året var 752 prosedyrar forfalne til revidering. Arbeidet med revisjon av prosedyrar vil difor ha høg prioritet vidare.

Kommunen var også gjenstand for fleire statlege tilsyn i 2024, mellom anna frå Arbeidstilsynet, Statsforvaltaren, Mattilsynet og NVE. Desse tilsynsrapportane resulterte i fleire pålegg og merknadar, som kommunen har jobba med å rette opp. Mellom anna er det sett inn tiltak for å betre systematisk HMS-arbeid, styrke medverknad i skulebasert vurdering og følge opp beredskapsplanar og avvik knytt til sikkerheit ved vassdragsanlegg.

Vidare vart det registrert 37 forslag i kommunen si forslagskasse. Det vert no arbeidd vidare med å styrke bruken av denne ordninga for å fange opp og implementere forbetringar i organisasjonen.

Internkontrollarbeidet i 2024 har vore prega av systematisk dokumentasjon, risikohandtering og forbetningsarbeid. Saman med oppfølging av eksterne tilsyn har dette styrka kommunen si evne til å sikra etterleving av lov- og forskriftskrav, samtidig som det legg eit godt grunnlag for vidare kvalitetsutvikling i 2025.

Stord, 27. mars 2025



Tommy Johansen
Kommunedirektør



Marianne Heggholmen Aarbø
Økonomisjef